

# AINA ISDAL HAUGLAND

**Mobilnummer**  
907 17 615

**E-postadresse**  
ainaisdal@outlook.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \*\* 09417

**Vedtaksdato**  
10.12.2022

**Vedtaket er gjort av**  
Alver kommune

**Søknadsdato**  
15.03.2022

**Vår referanse**  
2022/2470, Agros 186121

## **Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Planlegging av tiltak på elv - innmarksbeite**

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 14 750 kroner i tilskot til AINA ISDAL HAUGLAND til Planlegging av tiltak på elv - innmarksbeite. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.10.2025.

Alver kommune viser til søknad av 15.03.2022.

### **Bakgrunn i saka**

AINA ISDAL HAUGLAND søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 15.03.2022. Du søker om totalt 54 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 04.04.2022-31.03.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 108 750 kroner.

Det er søkt om tilskot til å planlegge tiltak på elv over innmarksbeite på gbnr 185/5. Dette inkluderer synfaring og tiltaksrapport frå tørrmurar, rydding av vegetasjon langs elveløpet og tid til skriving av søknader/ dialog med styresmakter og andre. Det er i tillegg søkt om tilskot til å gjere avbøtande tiltak mot nabo der elva flaumer over ved store vassmengder.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Alver kommune har vore i kontakt med fleire av grunneigarane på Isdal som fortel om utfordringar med at elva flaumer over ved store nedbørsmengder. Vatnet flaumer ut over bør og gardsplasser og har ved fleire høve kome inn i husa. Isdal er eitt av få gjenverande klyngetun i kommunen, og har høg status som verneverdig kulturminne. Heile området er lagt ut med omsynssone bevaring av kulturmiljø i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031. Slik landbruksavdelinga ser det utgjer flaumproblematikken ein fare for kulturmiljøet på Isdal. Landbruksavdelinga meiner derfor at tiltak for å utbetre vassvegane gjennom tunet vil bidra til å ivareta kulturminneverdiar i kulturlandskapet, jf. forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5. Landbruksavdelinga meiner at slike tiltak fell innanfor føremålet for SMIL-forskrifta grunna den særskilte kulturverdien til tunet på Isdal.

Denne søknaden omhandlar elva som går over innmarksbeite på gbnr 185/5. Dette har truleg vore ei oppmurt open grøft tidlegare, men over tida har manglende vedlikehald og jordsvinn ført til at murverk har rast sammen, løpet er blitt grunnare og vatnet finn nye vegar på mange punkt. Mangelfull drenering gjev problem med vassjuk jord på innmarksbeitet. Landbruksavdelinga vurderer likevel at det som er mest prekært å få gjort noko med er at elva på visse punkt flaumer over og renn over grensa til naboeigedommen i sør (185/6) der vatnet gjer skade på mellom anna eit steinhus som ligg nær grensa. Vi tolkar søknaden slik at planen er å mure opp ein liten mur for å hindre at elva flaumer over på kritiske punkt. Landbruksavdelinga meiner at dette kan vere eit godt midlertidig tiltak for å avhjelpe situasjonen. Det vil også vere ein god idé å legge opp ein liten voll med jord bak muren for å tette igjen og forsinke vatnet. Eit slikt tiltak kan samstundes føre til auka belastning på krysset der elva frå innmarksbeitet møter elva som går gjennom tunet. Slik vi ser det vil det likevel vere betre at vatnet kjem denne vegen enn at det renn direkte inn mot husa på 185/6. Landbruksavdelinga har derfor vedtatt å gje støtte til avbøtande tiltak. Vi vil oppfordre til å vise varsemd og å legge vinn på ein god dialog med eigalarar av naboeigdommane ved gjennomføring av tiltak.

Det er vidare søkt om tilskot til å rydde vegetasjon langs elveløpet for å få betre oversikt over situasjonen. Landbruksavdelinga ønsker å gje støtte til at ein kan fjerne tre og kratt som tydeleg gjer skade på elveløpet, men minner samtidig om at det kan vere positivt med nokre treklynger i eit beite, og at tre som veks langs elva kan ha ein viktig biologisk funksjon. Alver kommune nyttar standard sats for kostnad til rydding av innmarksbeite på inntil 3000 kr/ daa. Vi meiner at det er naturleg å nytte denne satsen i denne saka, og har ut frå måling på kart/ flyfoto estimert at det er omlag 0,5 daa som er aktuelt å rydde.

Det er søkt om tilskot til synfaring og tiltaksrapport frå Haakon Aase for å legge ein plan for arbeid med heile elveløpet på 185/5. I ei anna sak på Isdal har NVE gjeve uttale og rådd til at det bør lagast ein heilskapleg plan for vassvegar i heile området. Vi meiner på bakgrunn av uttale fra NVE at ein slik plan bør omfatte fleire eigedommar, der ein ser heile elvesystemet i samanheng. Det er fare for at tiltak ein stad i elva kan få negative konsekvensar lengre nede i elveløpet. Vi vil råde til at alle aktuelle grunneigarar går saman om eit felles prosjekt for å få utarbeida ein heilskapleg plan med flaumberekning og berekningar av kva kapasitet og utforming sikringstiltak må ha. Planen må utarbeidast av ein vassdragskyndig person. Eit slikt fellesprosjekt er noko landbruksavdelinga kan vurdere å gje støtte til gjennom SMIL-midlar.

Landbruksavdelinga har forståelse for at det er tidkrevande å administrere slike prosjekt. De tar tid å skrive søknader og ha dialog med fagfolk, styresmakter og andre. Sjølv om det kan gjevast tilskot til planlegging og organisering er dette noko vi ikkje kan gje full kostnadsdekning på. Godkjent kostnad til desse punkta er stekt redusert i forhold til det som er omsøkt. Dette er basert på ei vurdering ut fra kva som har vore vanleg praksis i liknande saker, begrensa midlar og den totale tilskotssummen som vert loyvd til ein enkelt søker.

## Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad
Rydding av vegetasjon 0,5 daa	1500 kr
Stein til avbøtande tiltak (eigeninnsats)	5000
Avbøtande tiltak	17 500
Skrive søknader, dialog/ samordning etc	2000
Eigeninnsats avbøtande tiltak	3500
SUM Kostnad	29 500
Tilskot 50% av kostnad	14 750

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 14 750 kroner i tilskot.

### Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.10.2025. Dersom du ikke overhold fristen, fall tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikke at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjøre før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Det må visast varsemd ved tiltak i og ved elva. Det skal takast nødvendige omsyn til kva konsekvensar tiltak vil ha for eigedommar nedstrøms. Det skal takast omsyn til vegetasjonen sin biologiske funksjon.

Innvilget tilskudd kan trekkes tilbake helt eller delvis dersom det oppstår forhold som er i strid med forutsetningene for ordningen jf. §10 i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

### Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak, inkludert rekneskap.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid
- Bilag på innkjøpt materiell
- Foto av utført tiltak

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skrifteleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan få utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar underveis i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtger framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 29 500 kroner. Utbetalt tilskot kan ikke overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

### **Kontroll**

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjøre kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikke gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

### **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge